

**ÅRSMELDING 2004**  
**(For tidsrommet 22/6-2003 – 12/6-2004)**

Avdi årsmøtet i 2003 måtte avlyst, vart det heller ikkje vald nye styremedlemmer for 2003/2004. Styremedlemene og varamedlemene som fungerte i 2002/2003 har såleis vore dei same i dette arbeidsåret.

Det er halde tre styremøter. Dei fleste styremedlemene har vore med på alle styremøtene. Det er sendt ut tre medlemsbrev dette året.

Styret gjorde vedtak om å tilby medlemene bøker frå bokgåva frå A.E.Tufte AS til ein rimeleg pris. Responesen har vore heller dårleg, og dei fleste titlane finst framleis på lager.

Arbeidet med registrering av Sletto-samlinga i Hol bygdearkiv har så smått teke til. Noko av stoffet høver det å ta med i medlemsbrev, noko høver best ved utgjeving av årshefter/årbøker. Frå bygdearkivet har ein henta stoff til ein større artikkel om kampen for diktarløn til Olav Sletto til Årsheftet 2004. Årsheftet inneheld og interessante artiklar frå eit par av medlemene i selskapet.

Av pengegaver dette arbeidsåret nemner ein overskotet frå Nils Reinton si diktsamling "Sopalauv", kr.1548,67, og ei flott gåve til selskapet frå Hol Sparebank på 5000 kroner!

Sletto-materialet etter Olav Lia er sendt eit par av medlemene til nærare vurdering og ein arbeider vidare med dette med tanke på utgjeving, kanskje i neste årshefte.

55 medlemmer har betalt årskontingenten pr. 8.mai 2004. Det er 13 færre enn pr. 1/12-2003. Aktiv medlemsverving må difor bli ei hovudoppgåve både for styret og dei interesserte medlemene!

Hol, den 8.mai 2004.

Arne Skogheim Turid Birgit Lien Jul Haganæs Kåre Olav Solhjell

Per Lilleslett Kaare Wensaas